



Steinar Haukås
Mykingvegen 61
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2193 - 16/27335

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
03.10.2016

Gbnr 212/102 Eikanger Øvre. Løyve til å dele frå areal til naust.

Eigedom: Gnr.212 bnr.102 Eikanger Øvre
Adresse for eiged: Vahaugen 26, 5913 Eikangervåg
Type tiltak: Deling av grunneigedom, areal til naust
Heimelshavar: Steinar Haukås
Søker: Steinar Haukås

Saka gjeld:

Gnr.212 bnr.102 er eit regulert bustadfelt Vahaugen. Feltet er ferdig utbygd og Vahaugen velforeining skal overtake fellesareala frå grunneigaren. Dette er i samsvar med avtale datert 16/6-2016 og signert av både partar. 212/102 omfattar no fellesareala til veg, leik, friområde og felles naustareal. I følgje gardskartet er heile eigdommen 13,6da.

I samband med denne overdraging skal det delast frå ein parsell på om lag 396m². På denne parsellen står to private naust. Desse vedkjem ikkje bustadfeltet, og i følgje pkt.B 2 i den nemnde avtalen, skal dette arealet delast frå i samband med at fellesareala skal overdragast til Vahaugen velforeining.

Det er denne frådellinga av areal til naust som vert handsama her.

Planstatus/dispensasjonar:

Parsellen som skal delast frå er i reguleringsplanen sett av til føremålet, men planen syner ikkje denne parsellen som eiga tomt.

Det er ikkje naudsynt med dispensasjon.

Tilkomst:

Det er tilkomst til nausta i dag på felles privat veg gjennom bustadfeltet.

Etter at nausta er delt frå skal dei i følgje avtalen «ha rett til vegtilkomst på lik linje med øvrige naust i området, men også rett til å parkere på eigen grunn ved nausta, slik det alltid har vore.» Eigarane skal ta del i vedlikehald av vegen på same vilkår som dei andre som eig naust på staden.

Vassforsyning og avløp:



Vassforsyning og avløp er ikkje aktuelt.

Tiltaket ligg i regulert område og er i samsvar med plan. Uttale frå andre mynde er ikkje naudsynt.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå om lag 396m² areal frå gnr.212 bnr.102 slik det er søkt om og synt på kart stempla motteke i kommunen 04.07.2016.

Arealet skal nyttast til naust. Arealbruken er i samsvar med gjeldande plan.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl§20-1 jf. §26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådeling av om lag 396m² areal til naust. Nausta står på staden. Arealbruken er i samsvar med gjeldande plan.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i plan- og bygningslova.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen, vedteke av kommunestyret i desember 2015, gjeldande for 2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremål, grensene ikkje fastsett i godkjend plan kr.6900,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i samsvar med delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå dei fekk vite om avgjerda, jf. §§ 28 flg i Forvaltningslova.

Med helsing

Frøydis Ones
konst. avdelingsleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Steinar Haukås

Mykingvegen 61 5913

EIKANGERVÅG